

Emne: Avhending av Brandal fiskerihamn
Dato: Thu, 04 Jun 2020 11:50:51 +0200
Til: post@kystverket.no
Frå: "Sigurd Eliassen" <sigelias@online.no>

Vi syner til annonse i Vikebladet/Vestposten fredag 29. mai 2020.

Med dette melder Brandal Båtlag interesse som mogleg kjøpar av Brandal fiskerihamn.

For
styret i Brandal Båtlag
Sigurd Eliassen
- kasserar/skrivar -



KYSTVERKET

Hovedkontoret

BRANDAL BÅTLAG
Kvitnesvegen 81
6062 BRANDAL

Deres ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandler: Dato:
2019/545-52 Tonje Dowerdock 22.07.2020

Oversendelse av kjøpekontrakt for Brandal fiskerihavn - Hareid kommune i Møre og Romsdal fylke

Viser til brev datert 04.06.2020 og 10.06.2020 angående interesse for mulig overtakelse av Brandal fiskerihavn i Hareid kommune, samt oversendelse av vedtekter.

Kystverket sender med dette over utkast til kjøpekontrakt for overtakelse av Brandal fiskerihavn, samt ytterligere informasjon angående fiskerihavnen.

Dersom kjøper finner å kunne godta Kystverket sitt utkast til kontrakt ber Kystverket om at kontrakten blir underskrevet i tre eksemplarer og at hver side av kontrakten blir parafert i tillegg. Alle de signerte kontraktene skal sendes til **Kystverket, Postboks 1502, 6025 Ålesund** pr. ordinær post. Vigdis Bye vil signere alle eksemplarene og returnere ett av eksemplarene tilbake til kjøper.

Med hilsen

Ivar Sigbjørn Lindås
Seniorrådgiver

Tonje Dowerdock
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Kjøpekontrakt - Brandal fiskerihavn
- 2 Takst Brandal
- 3 Brandal- Avtale om bruksrett bruksrett - Hareid Kommune

Kystdirektør

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

KJØPEKONTRAKT

Mellom

Selger: Staten, v/Samferdselsdepartementet v/Kystverket

Postboks 1502

6025 Ålesund

Org.nr: 874 783 242

heretter kalt selger

og

Kjøper: Brandal Båtlag

Kvitnesvegen 81

6062 Brandal

Org.nr. 912 365 549

heretter kalt kjøper er i dag inngått følgende kontrakt:

1. SALGSOBJEKTET

Selgeren forplikter seg til å overdra Kystverkets eiendom i Brandal fiskerihavn i Hareid kommune Molo beskrevet i takst datert 15.05.2019, til kjøper på de betingelser som fremgår av denne kontrakten. Kjøper er kjent med hvem som er hjemmelshaver til eiendommene som utgjør landfeste m.v.

Kystverket har ikke hjemmel til grunnen. Hjemmelshaver til mologrunnen er Hareid kommune. Moloen ligger på gnr. 40, bnr. 307 i kommune 1517 Hareid.

Kystverket har sikret seg bruksrett til mologrunnen fra Hareid kommune som hjemmelshaver av grunnen etter krav fra Kystverket, med aksept i kommunestyrevedtak datert 20.12.1985.

Moloen går i retning øst-nordøst og dreier så i retning nord-nordvest med lengde ca. 100 meter. Moloen er en molo i sprengstein/naturstein/blokkstein med dekke brytning og trapp av betong.

Salgsobjektet selges som den er ("as is"). Selger er ikke under noen omstendighet ansvarlig for mangler ut over det som er angitt i kontraktens punkt 8.

Parafering kjøper:

Parafering selger:

2. KJØPESUM

Kjøpesummen er NOK 200.000,- som gjøres opp på følgende måte:

<u>Kontant betaling umiddelbart før overtakelse, jf. pkt. 3 og 4</u>	<u>NOK 200.000,-</u>
<u>Kjøpesum</u>	<u>NOK 200.000,-</u>

Partene hver sine utgifter i forbindelse med overdragelsen.

Kjøpesummen er omforent mellom partene og det er ikke grunnlag for prisjustering selv om grunnens areal, eller andre forhold, skulle vise seg å avvike i forhold til det partene har lagt til grunn. Kjøpers rett til å fremme mangelsinnsigelser er uttømmende regulert i kontraktens punkt 8.

3. OPPGJØR

Hele kjøpesummen innbetales på selgers konto 7694.05.06766. Kontantsummen skal være innbetalt før overtakelsesdato, jf. pkt. 2 og 4.

Forsinket betaling medfører at det skal betales forsinkelsesrente fra forfall til betaling skjer i henhold til de regler som følger av forsinkelsesloven.

4. OVERTAKELSE

Overtakelse er satt til 19.08.2020. Kjøper må ha oppfylt sine forpliktelser etter kontrakten før eiendommene kan overtas.

Selger vil ikke foreta ytterligere rydding av eiendommene før overtakelse.

Risikoen går over på kjøper ved overtakelse av eiendommen. Overtar kjøperen ikke til fastsatt tid, og årsaken ligger hos ham, har han risikoen fra det tidspunkt han kunne ha overtatt bruken.

Når risikoen for eiendommen er gått over på kjøper, faller ikke hans plikt til å betale kjøpesummen bort ved at eiendommen blir totalt ødelagt eller skadet som følge av en hendelse som selger ikke svarer for.

Det vil ikke bli gjennomført overtakelsesforretning.

5. TINGLYSING/SIKKERHET

Kystverket utsteder ikke skjøte da Kystverket ikke er hjemmelshaver til grunnen.

Parafering kjøper:

Parafering selger:

6. HEFTELSE

Heftelser generelt er kjøpers ansvar å slette.

Bruksrettigheten Kystverket har, jf. punkt 1, overføres til Kjøper.

Selgeren skal betale alle avgifter mv. som vedrører eiendommen og som er forfalt eller forfaller før avtalt overtakelsestidspunkt.

7. SELGERS OPPLYSNINGSPLIKT OG KJØPERS UNDERSØKELSESPLIKT/ KJØPERS BEKREFTELSE

Selger er ikke kjent med krav eller rettigheter som begrenser eiendommens bruk eller utnyttelse, utover det som fremgår av gjeldende reguleringsplan med reguleringsvedtekter for eiendommene og eiendommenes grunnbokblad. Kjøper bærer selv risiko og kostnader ved fremtidig bruk og utvikling av eiendommen, herunder regulerings- og bruksendingsrisiko.

Selger kjenner ikke til feil og mangler ved eiendommen ut over det som fremgår av takst. Taksten er kjent for kjøper.

Kjøper bekrefter følgende:

Kjøper har på selgers oppfordring, og med bistand av fagkyndig, foretatt en grundig gjennomgang av salgsobjektets tilstand og har gjort seg kjent med alle de dokumenter og opplysninger selger har fremlagt i tilknytning til salgsobjektet. Kjøper har fått særlig oppfordring til å gjøre seg kjent med de særlige grunnrettighetsforhold som gjelder for salgsobjektet. Kjøper kan ikke gjøre gjeldende som mangel noe han ble kjent med eller burde ha blitt kjent med ved besiktigelsen. Det samme gjelder andre forhold kjøper kjente eller måtte ha kjent til da kontrakten ble inngått.

Kjøper har satt seg inn i alle offentlige reguleringer mv. som gjelder eiendommen.

Kjøper har hatt anledning til å foreta de undersøkelser av eiendommen som han har ansett nødvendig. Kjøper har mottatt alle relevante opplysninger som kjøper har bedt om og som er tilgjengelige.

8. FORBEHOLD OM EIENDOMMENS TILSTAND

Kjøperen har besiktiget eiendommen, jf. pkt. 7 ovenfor. Eiendommen selges som den var ved kjøpers besiktigelse ("as is").

Avhl § 3-9 fravikes slik at kjøper ikke kan gjøre gjeldende at det foreligger skjulte mangler ved eiendommen, at selger ikke har oppfylt sin opplysningsplikt (avhl §§ 3-7 og 3-8), eller at eiendommen er i dårligere stand enn det kjøper har lagt til grunn

Parafering kjøper:

Parafering selger:

(avhl § 3-9, siste punktum), jf. avhl. § 2-1, første ledd. Kjøper kan heller ikke påberope at det foreligger mangler i henhold til avhl §§ 4-17 og 4-18. Avhl § 4-19 fravikes også, slik at den endelige reklamasjonsfristen settes til to år etter overtakelse. Det tas også forbehold mot at det foreligger feil i henhold til offentligrettslige krav, jf. avhl § 3-2, annet ledd.

Avhl. § 3-3 fravikes slik at selger fraskriver seg ethvert ansvar for eventuelle arealavvik som måtte fremkomme ved senere arealmålinger og et slikt eventuelt arealavvik kan ikke gjøres gjeldende som en mangel.

Ovennevnte forhold er tatt hensyn til ved beregning av kjøpesummen.

9. MISLIGHOLD

Selgeren har rett til å heve kontrakten og kreve sitt tap dekket dersom kjøperen vesentlig misligholder betalingsbetingelsene eller øvrige forpliktelser etter denne kontrakten.

Forsinket oppgjør med mer enn 14 dager anses alltid som vesentlig mislighold og gir selger rett til å heve kontrakten og selge eiendommen for kjøpers regning og risiko. Kjøper vil da i tillegg til renter bli belastet salgskostnader og differansen ved eventuell lavere salgssum i forbindelse med det nye salget av eiendommen som selgeren måtte foreta.

Unnlattelse av å søke om konsesjon eller innsende egenerklæring om konsesjonsfrihet innen avtalte frister anses som vesentlig mislighold, som gir selger rett til å heve kontrakten.

Skulle en eventuell reklamasjon føre til at kjøper har krav som overstiger kjøpesummen, kan selger heve kjøpet. Partene bærer i dette tilfelle sine egne omkostninger, også inkludert investeringer i eiendommen.

10. FORSIKRING

Selger er selvassurandør. Forsikring er kjøpers ansvar fra og med overtakelsesdato. Bli imidlertid eiendommen ødelagt eller vesentlig skadet som følge av hendelser som selger ikke har ansvar for *før* risikoovergang, jf. pkt. 4, faller kontrakten bort uten at kjøper kan kreve kompensasjon av selger.

11. EIENDOMMENS AVKASTNING OG KOSTNADER

Selger har rett til den avkastning eiendommen gir til det tidspunkt kjøper overtar eiendommen. Til samme tid svarer selger for kostnadene ved eiendommen, med mindre kjøper ikke får overlatt bruken til fastsatt tid og årsaken ligger hos selger.

Parafering kjøper:

Parafering selger:

12. VERNEBESTEMMELSER – KULTURMINNER

Eiendommen er ikke vernet. Kystverkets eiendom er ikke forelagt Riksantikvaren til uttalelse i denne omgang da Landsverneplanen for maritim infrastruktur er vedtatt og eiendommen ikke er funnet verneverdig der.

Kjøper gjøres oppmerksom på at eiendommen kan bli vurdert som verneverdig på regionalt nivå gjennom fylkeskonservatoren og/eller på lokalt nivå gjennom kommunen. Dersom eiendommen kreves vernet enten på regionalt eller lokalt nivå er dette forhold selger uvedkommende.

13. TVISTER

Tvister som måtte oppstå mellom partene med utspring i denne kontrakten skal løses ved de alminnelige domstoler.

Selgers rettssubjekt er Staten ved Samferdselsdepartementet, Postboks 8010 Dep, 0030 Oslo.

14. UNDERSKRIFTER

Kjøper bekrefter med sin underskrift at ovennevnte dokumenter er lest og forstått. Denne kontrakten er utferdiget i tre likelydende eksemplarer, hvorav hver av partene beholder hvert sitt eksemplar.

Som kjøper:

STED ____ / ____ - 2020

Som selger:

Ålesund ____ / ____ - 2020

Håkon Rolfsrud

Styreleder

Brandal Båtlag

Vigdis Bye

Avdelingsdirektør

Kystverket

Parafering kjøper:

Parafering selger:

Verditakst Brandal fiskerihavn

Matrikkel:
Kommune: **1517 HAREID KOMMUNE**
Betegnelse: **Brandal fiskerihavn**
Adresse: **Brandal, 6062 BRANDAL**



Dato befaring: 22.11.2018
Utskriftsdato: 15.05.2019
Revidert dato: 15.05.2019
Oppdrag nr: 51872684

Utført av autorisert medlemsforetak i Norsk takst

Norconsult AS
Retirovegen 4, 6019 ÅLESUND
Telefon: 70 17 05 00

Sertifisert takstmann:

Arnt-Ove Roald
Telefon: 911 56 309
E-post: arnt-ove.roald@norconsult.com
Rolle: Uavhengig takstmann



Forutsetninger

Dokumentet er bygget opp på basis av Norsk takst sine instruksjer og regelverk. Dokumentets innhold er skrevet i fritekst og alle kvalitets- og kontrollfunksjoner er ivaretatt gjennom takstmansens egne rutiner.

Egne forutsetninger

Verdivurdering er bygget på den kjennskap takstmannen har til omsetning av eiendommer i området. Eiendommen er besiktiget ved en enkel visuell gjennomgang. Det er ikke foretatt spesielle undersøkelser med hensyn til evnetuelt skjulte feil eller mangler eller andre bygningsmessige feilkonstruksjoner. Taksten er derfor ikke en tilstandsrapport. Herav kan forekomme forhold ved eiendommen som ikke fremkommer i takstrappen. Det er ikke foretatt oppmålinger av tomt/konstruksjoner.

Takstmannen er ikke ansvarlig for manglende opplysninger, feil, mangler som ikke kunne oppdages etter å ha undersøkt eiendommen som beskrevet ovenfor. Det er forutsatt at all opparbeidelse og bebyggelse på eiendommen er omsøkt og godkjent av bygningsmyndighetene, og at brukstillatelse eller ferdigattest foreligger.

Rapportdata	
Kunde:	Kystverket Midt-Norge
Takstmann:	Arnt-Ove Roald
Befaring/tilstede:	Befaringsdato: 22.11.2018. - Arnt-Ove Roald. Siv.ing. bygg. Takstmann MNTF. Tlf. 911 56 309
Revisjoner:	Dato: 19.03.2019 Justering, slipp ut. Dato: 15.05.2019 Det meste av nordre molo er ikke bygget av staten/Kystverket. Nordre molo tatt ut av rapporten.

Eiendomsopplysninger	
Eiend.betegnelse:	Brandal fiskerihavn

Matrikkeldata	
Matrikkel:	Kommune: 1517 HAREID Gnr: Bnr:
Areal:	Arealkilde: Norges Eiendommer
Adresse:	Brandal fiskerihavn
Kommentar:	Eiendommen til Kystverket er pr dato ikke registrert med eget gnr/bnr. Kystverket opplyser at moloer i slike fiskerihavner normalt fikk landfeste med rett til adkomst og transport gjennom grunneiererklæringer/kontrakter. For denne havna er ikke erklæring/kontrakt fremlagt, fordi det ble ansett som tilstrekkelig at Hareid kommune ervervet områder for landfeste, og regulerte havneområdet til fiskeriformål.

Kilder/vedlegg					
Dokument/kilde	Dato	Kommentar	Status	Sider	Vedlagt
Situasjonskart	22.11.2018		Innhentet	2	Ja
Kommuneplan/ kommunedelsplan/ føresegner	22.11.2018		Innhentet	4	Ja
Brev fra Kystverket v/ Lyså			Innhentet	2	Ja
Norges Eiendommer			Innhentet		

Mandat
Mandat / formål med denne takstrappen er ansettelse av markedsverdi for fiskerihavn tilhørende Kystverket, slik denne eiendommen fremstod ved befaringen.

Eiendomsdata / Konstruksjoner

Eiendommen består av molo sør av sprengstein/naturstein/blokkstein, lende ca 100 m, med dekke, brystning og trapp i betong.

Molo nord av sprengstein/naturstein/blokkstein har nå lengde ca 150 m, ble bygget/forlenget i flere omganger, i hovedsak/dels utenom Kystverket. Molo nord tas derfor ikke med i denne rapporten som del av angjeldende eiendom.

Byggestart 1955, påkostet deretter i hovedsak i 1959 og 1981, heri ble utført utdyping i havn.

Kai og slipp i havna tilhører ikke eiendommen.

Formål / anvendelse

Eiendommen ble etblert som fiskerihavn. Brukes i dag i hovedsak av hobbyfiskere/småbåteiere.

Beliggenhet og påkjenninger.

Havn er beliggende i Brandal sentrum, på østsiden av Hareidlandet, åpent mot Sulafjorden/Breisundet i øst og nord. Utsatt for tidvis ekstreme bølgepåkjenninger.

Beliggende ved skipsleia. Kjøretid til Ørsta/Volda flyplass Hovden er ca 45 min.

Har alle servicefunksjoner i nærheten.

Vann og avløp. Strøm.

Strøm og utelys er ført frem langs begge moloer.

Grunnforhold. Dybder. Arealer.

Moloer er oppført på antatt naturlig bunn av sand.

Miljø og forurensing

Ingen kjente forurensninger eller forurensningskilder.

Vern og kulturminne

Ingen kjente.

Adkomst

Adkomst til moloer er fra asfaltert gate i Brandal sentrum.

Områdene rundt

Rundt havn er i hovedsak boligbebyggelse, noen naust innenfor moloer.

To stk flytebryggeanlegg er utlagt.

Kommuneplan/kommunedelsplan

Vedlagte reguleringsplan/kommunplan angir to mindre næringsområder i tilknytning til moloer, pluss område for fritidsbebyggelse hvor naust er oppført ved molo sør. Planen angir faresone/flomfare for havnen.

Forsikringsforhold

Eiendommen er ikke forsikret.

Tilstand

Tilstand er vurdert ved enkel visuell besiktigelse. Stedvis er registrert indikasjon på mindre bevegelser i steinplastring på utside av moloer. Videre er registrert sprekker i betongkonstruksjon dekke/trapp.

Eiendomsmarked / potensiale

Kommunplan viser at havn er registrert som faresone for flom, kan bety at eventuell økt/ny (nærings-)aktivitet i/ved havna vill bli gjenstand for ekstra vurderinger fra kommunen.

Sunnmøre og regionen har vært preget av sterk fiskeri-, fiskeforedlings- og verftsbransje. Med endring i fiskeri til mindre antall og mye større fiskefartøy, er slike havner ikke like aktuelle lenger som fiskerihavn, og denne endringen antas å være varig. Derfor antas at tidvis oppganger i fiskeindustrien likevel vil gi liten effekt her da fiskeri er ute. Ytterligere næringsutvikling i havna kan være aktuelt.

Vurderes utvikling i økonomie og marked i en større sammenheng, har siste nedganger i oljebransjen gitt negativ effekt på eiendomsmarkedet, med lavere aktivitet både i leie- og transaksjonsmarkedet, og med lavere kjøpekraft i befolkningen. Dette anses likevel å ha mindre betydning her lokalt, fordi turisme anses å ha en særstilling.

Der er i dag betydelig aktivitet av småbåter i havna. tilgjengelige plasser kan økes betydelig.

Beliggenhet kan være attraktiv, men utsatt for ekstreme påkjenninger fra vind og bølger. Derfor er aktiviteter helt/delvis avhengige av at moloene består og holdes vedlike.

Vi anser at eiendommen videre fremover eventuelt vil kunne selges eller leies ut i forbindelse med næringsaktiviteten eller småbåtaktivitet, med normalt gode priser/leieinntekter.

Konklusjon / verdi

Som et underordnet moment for å ansette markedsverdien er vurdert den tekniske verdi i form av normale byggekostnader i dag for tilsvarende moloer/kaier/konstruksjoner, med fradrag for alder, utidsmessighet, vedlikeholdsmangler, tilstandssvekkelser m.m.

Verdi i tomt tillegges normalt i en verdivurdering. Da her ikke er landarealer i eiendommen, kun landfester med rett til adkomst og transport, settes tomteverdi til null.

Viktigst i verdivurderingen blir herav hvilke interessenter som kan være villige til å kjøpe eiendommen, dvs stat, fylke, kommune, lag/foreninger, firma/næringsdrivende eller private, og hvordan disse kan bedømme attraktivitet, beliggenhet, markedspotensiale m.m. i forhold til hvilken anvendelse de kan gjøre av eiendommen.

På denne bakgrunn vurderes markedspris som eiendommen antas å kunne omsettes for i dagens marked til:

kr 200.000,-


ÅLESUND, 15.05.2019



Arnt-Ove Roald
Siv.ing. bygg. Takstmann MNTF
Telefon: 70170500

Andre bilder

Andre bilder for oppdraget





Arkiv 521/HK/HH

Dokument nr. 1/86 K

Hareid formannskap

HAMNEPLAN FOR BRANDAL.

Med brev av 04.11.1985 frå Kystverket 3. distrikt følgjer hamneplan for Brandal, som er godkjent av Kystverket. I samband med førehavinga av budsjettet er planen også godkjend av Stortinget. Brevet og sjølv planen følgjer saka som trykt vedlegg nr. 1 og 2. Som trykt vedlegg nr. 3 følgjer gjeldande reguleringsplan.

I brevet set Kystverket følgjande vilkår for å sette i gang anleggsarbeidet:

1. Bruksrett til nødvendig grunn til søre molo.
2. Rett for Kystverket til å ta ut stein i steinbrotet (mellom Liset og Smottene).
3. At hamna vert brukt til fiskeri- og transportføremål. Kommunen må disponere strandområdet langs hamna til desse føremåla og dette krev endring av reguleringsplanen. Av omsyn til tidsmomentet, vil Kystverket nøye seg med eit prinsippvedtak i kommunestyret, som fastslår slik utnytting. Dette vil medføre at kloakkrensaneanlegget må flyttast utanom hamneområdet, at området ved almenningsskaia og framtidig utviding av denne i ny plan vert avsett til trafikkareal og at det - som gjeldande plan - ikkje vert plass for bygningar frå almenningsskaia til nordre molo. Truleg med bakgrunn i dei sterke ønskje som har kome fram frå grunneigarane om å få regulert inn eit naustområde i planen, nemner Kystverket at ein kan tenkje seg å godta eit mindre naustområde ved søre molo for erstatningsnaust for grunneigarane og "ved fellesnaust også for fritidsbåtinteresser."

I brevet vert det vist til at det seinare vil kome standardreglement for fiskerihamner, der fiskeriinteressene får førerrett til bruk av slike hamner. For Brandal hamn må såleis fritidsbåtane i første omgang flyttast frå nordre til søre del av hamna, men det vert nemnt at ein framtidig må rekne med at fritidsbåtane må vike plass også i denne delen av hamna, etter kvart som fiskebåtar treng plassen.

I no gjeldande reguleringsplan, stadfest av fylkesmannen 05.02.1979, er heile strandbeltet regulert til offentleg veg/gate, d.v.s. trafikkføremål, med unntak av eit areal ved søre molo som er utlagt til kloakkrensaneanlegg. Moloane er innteikna på planen i samsvar med planutkast av 1978 frå Kystdirektoratet. I planen er både nordre og søre del nemnt "småbåthavn".

Innregulering av eit naustareal vil vere eit vilkår for frivillige grunnavtalar med eigarane i hamneområdet. Om ein ved å imøtekome dette ønsket vil få avtalar med alle grunneigarane, står det sjølv-sagt att å sjå. Noverande stadfesta plan gir grunnlag for oreigning, så for den del står ikkje kommunen fast. Eg for min del trur ikkje at ei naustrekke for grunneigarane langs med den frie, ca. 150 m. lange strandlina, vil vere til skade for utnytting av hamna til fiskeriføremål, i all fall i overskødeleg framtid, og meiner kommunen bør gå inn for det. Etter ein fellesnaust-modell treng ikkje ei naustgrend legge beslag på ein særleg stor del av strandlina, kanskje 50-60 m? Sjølv med ei utviding av noverande kai - eller med ei frittliggande kai annanstads ved strandkanten - er det framleis 100 m. fri strandline att til fiskeriføremål på land. Av omsyn til kontakten med hamna og utsynet til fjorden, bør ein likevel ikkje legge opp til ei kompakt husrekke langs stranda. Der må vere "luftig" og ope.

I den endelege planen frå Kystdirektoratet er det planlagt ei 32 m. avbøyd forlenging av nordre molo, i staden for 50 m. i same retning som eksisterande molo, etter planutkastet. Søre molo er planlagt bygt i 130 meters lengde, mot 100 meter etter utkastet frå 1978. Søre molo er trekt ca. 10 m. tilbake mot land i høve til tidlegare plan.

Det har vore hevda frå Kystverket si side at tilbaketrekninga var nødvendig for å få botnfeste for rausinga. Ei seinare opplodding av botntilhøva viser ei jamn, nær 45 graders skråning med mot djupet, medan ein tidlegare hadde basert seg på eit slakt parti på djupet mellom-15 og 20 m. Dette viser cote-kartet som ligg til grunn for forprosjektet i 1978.

Avbøyinga av nordre molo er planlagt etter forsøk i hamnelaboratoriet ved NTH og vil gje betre livd i nordleg ver enn det ein får etter opphaveleg plan. I austleg ver derimot, vil resultatet verte ugunstigare for midtpartiet i hamna, får eg vite ved Kystverket.

Eg har også spurt om korleis det ville stille seg dersom ein på lokalt hald skulle ønske å få vurdert endringar i den no framlagde planen. Eg fekk det svar at etter at Stortinget har godkjent planen i samband med budsjettførehavinga nyleg, vil det ikkje vere naturleg å ta endringar opp før i samband med neste års statsbudsjett. Dermed vil ein i det minste få ei forseinking av utbygginga på eitt år. Det vart også nemnt at ei endring av planane som gjer hamna mindre teneleg for større fiskebåtar, truleg ikkje vil kunne kome på tale.

Eg saknar i brevet omtale av mudringsarbeidet. Om det fekk eg opplyst at mudring ikkje er med i planane og står heller ikkje på programmet seinare, etter det eg forstod. Dette svaret undra meg noko, på bakgrunn av dei drøftingar vi har hatt med kystverket om dette før. Å seie seg ferdig med eit prosjekt når det ligg att ein sjøbumur midt i hamnebassenget, er neppe vel overtenkt. Dette spørsmålet meiner eg kommunen bør ta opp med Kystverket særskilt.

- 3 -

Saka har vore lagt fram for hamnestyret, bygningsrådet, fiskerinemnda og Hareid fiskarlag til førebels fråsegn, som no ligg føre, trykte vedlegg 4 - 7.

I fråsegnene vert det gitt uttrykk for skepsis til planen om ei kortare utbøygd lenging av nordre molo, både ut frå botntilhøve og effekt. Fagutvala seier seg leie for at ikkje den stadfesta, opphavelege planen kan følgjast og rår i all fall til at nordre molo vert utrausa først, slik at ei viss tilpasning til opphaveleg plan kan gjennomførast, dersom avbøygingsalternativet må oppgjevast. Fiskerinemnda set også fram ønskje om ei tilsvarande avbøying av søre molo, for å få betre livd for austleg ver.


Fiskerinemnda har også kome inn på spørsmålet om avsetting av naustareal ved hamna og rår til at eit areal for grunneigarane må innskrenkast mest mogleg, slik at både landside og hamnebasseng først og fremst vert reservert for fiskerinæringa.

Ut frå dette rår eg formannskapet til å legge saka fram for kommunestyret med slik

i n n s t i l l i n g:

1. Kommunestyret har ingen merknader til vilkåra under pkt. 1 og 2 i Kystverket sitt brev av 04.11.1985 og påtek seg dei skyldnader desse vilkåra fører med seg for kommunen.
2. Kommunestyret vedtek i samband med pkt. 3 i brevet frå Kystverket av 04.11.1985, i prinsippet å legge til grunn for ei omregulering av Brandal hamn dei føresetnader som kjem fram der. Bygningsrådet vert pålagt snarast å legge fram forslag til reguleringsendring mest mogleg i samsvar med desse føresetnader og dertil ta med i planen naustgrend/areal for fellesnaust ved søre molo. Kommunestyret viser elles til merknadene frå fagutvala og ber om at formannskapet tek ønskjemåla opp med tanke på ei mogleg tilpasning av planane.
3. Hamnestyret vert pålagt å ta opp med Kystverket mudring i hamnebassenget.

Rådmannen i Hareid, 20. desember 1985.


Harald Kongsvold

Vedlegg.-



KYSTVERKET 3. DISTRIKT

YSTENESGT. 41 - P.BOKS 3025 KLIPRA - 6001 ÅLESUND

TELEGRAM: KYSTVERKET, ÅLESUND - BANKGIRO: 0614.05.70204 - POSTGIRO: 5 03 64 05

Hareid kommune

TELEFON: (071) 21 146

6060 HAREID

Skriv bare om en sak i et brev

Vår saksbehandler:

DERES REF.

VÅR REF. (bes oppgitt ved svar)

DATO

2597/85, LB/g
Plh. 507

04.11.-85

BRANDAL I HAREID, MØRE OG ROMSDAL
HAMNEPLAN

HAREID KOMMUNE FORMANNSKAPET	
Dato 05.11.85	
Arkiv nr.	Journal
521	

Det ligg no føre hamneplan for Brandal godkjent av Kystdirektoratet, og planen vert framlagt for Stortinget i tilknytning til budsjettet for 1986. Planen er i samsvar med det opplegget som tidlegare har vore drøfta med kommunale representantar, bortsett frå at ein ikkje har kunna imøtekomme kommunen sitt ynskje om å trekkje søre molo lenger ut. Planen omfattar 32 m avbøygd forlenging av nordre molo og ein 130 m lang ny søre molo. Overslaget lyder på kr 4,8 mill. 2 kopier av hamnekartet m/ hamneplan ligg ved.

Vi er kjende med at kommunen lenge har arbeidd med å tileigne seg all grunn ved hamna, men dette vil truleg ikkje verte endeleg ordna før det aktuelle tidspunktet for igangsetting av anleggsarbeidet. Som vilkår for å setje igang anleggsarbeidet, kan vi tenkje oss fylgjande ordning:

1. Kystverket ved Kystdirektoratet får bruksrett til grunnen som trengs til søre molo ved grunneigarerklæring frå noverande eigar av g.nr. 40, b.nr. 1. Mogleg erstatning til grunneigaren for å gi frå seg denne bruksretten, må kommunen avtale og ta på seg. Ein legg ved erklæring på skjema 7/36.
2. Kommunen må ordne med rett for Kystverket til å ta ut stein i steinbrot. Vi har sett på tilhøva for dette og har ikkje funne annan mogleg stad for steinuttak enn i eit tidlegare steinbrot ca. 1 km nord for Brandal hamn. Avtale om rett til steinuttak vert å inngå mellom kommunen og grunneigaren, og kommunen må bere mogleg utlegg. Kystverket kan etter at moloarbeidet er ferdig, setje opp gjerde oppå steinbrotskanten dersom ein finn dette naudsynt som sikringstiltak, men kommunen eller grunneigaren må ta på seg framtidig vedlikehald av gjerdet.

2.

3. Vilkåret frå Kystverket og Fiskeridepartementet for å bygge ut Brandal hamn etter vedlagt plan, er at hamna vert brukt til fiskeri- og trafikkformål. For å oppfylle dette må kommunen disponere strandområdet langs hamna til desse formåla. Gjeldande reguleringsplan må såleis endrast. Dette vil ta tid, og før anleggsarbeidet vert sett igang, må vi nøye oss med eit prinsippvedtak i kommunestyret om at strandlinja mellom moloane i Brandal skal regulerast i hovedsak til trafikkareal og byggeareal for fiskeriformål. Kloakkrenseanlegget på gjeldende reguleringsplan må flyttast utanom hamneområdet. Ein kan elles tenkje seg at Kystverket kan godta innregulert eit mindre naustområde ved søre molo som kan nyttast av grunneigarar som misser tomtområde ved kommunal grunntileigning, og ved fellesnaust også av fritidsbåtinteressar. Området ved almenningsskaien og framtidig utviding av denne kan på ny reguleringsplan avsettast som trafikkareal. Mellom almenningsskaien og nordre molo er det ikkje plass for bygninger, og området kan her regularast som i gjeldende reguleringsplan.


Det vil seinare kome standard reglement for fiskerihamner med heimel i "Lov av 18. juni 1984 nr. 51 om havner og farvann m.v." der fiskeriinteressene får forerett til bruk av fiskerihamnene. For Brandal hamn må fritidsbåtane i 1. omgang flyttast frå nordre til søre del av hamna, og ein må rekne med at fritidsbåtane framtidig må vike plass også i søre del av hamna etter kvart som fiskebåtar treng plassen.

Med helsing

Bjarne Borhaug
Bjarne Borhaug

Ludvik Brunstad
Ludvik Brunstad

Gjenpart: - Hareid bygningsråd
- Hareid hamnestyre
- Fiskerirettlederen i Hareid og Ulstein
- Kystdirektoratet



20
1/866

Godkjennes
Oslo 29/10-1985
Kystdirektoratet
Teknisk avdeling

[Signature]

BRANDAL

HAREID, M. OGR

Dybde nei. seg til spriv. 00
Høyden " " komm. 0 pikt.
som ligger 1,19m. over spriv.
Kontrollødding utført i okt. 75 av CY
Suppl.odd uttort 7-8-55 av O.Y.

16.08.85
[Signature]

NEDFOTO GRAFERT

Brandal Båtlag
Kvitnesvegen 81
6062 Brandal

Kystverket
Postboks 1502
6025 Ålesund

BRANDAL FISKERIHAMN

Vi syner til brevet dykkar av 22.07.2020 med vedlegg, dykkar referanse 2019/545-52.

Vi syner òg til meldinga vår i e-post av 4. juni 2020, sitat:

*Vi syner til annonse i Vikebladet/Vestposten fredag 29. mai 2020.
Med dette melder Brandal Båtlag interesse som mogleg kjøpar av Brandal
fiskerihamn.*

Brandal Båtlag har flytebyggjer i hamna og med det store interesser i Brandal hamn og bruksrettane der. Då Kystverket lyste Brandal fiskerihamn ut for sal, var det naturleg for båtlaget å melde interesse for eventuell overtaking av desse rettane.

Utkastet til kjøpekontrakt som vi har fått til gjennomsyn frå Kystverket, er lite klargjerande når det gjeld kva bruksrettar båtlaget vil få etter eit eventuelt kjøp og som båtlaget sine medlemmer ikkje har i dag. Difor ynskjer vi å gå gjennom utkastet og innhente meir informasjon om ein del punkt.

1. SALSOBJEKTET

Av kontrakten går det fram at salsobjektet er ein 100 meter lang molo av sprengstein/naturstein/blokkstein med dekke, brystning og trapp av betong. Det vert opplyst at denne moloen ligg på grunn eigd av Hareid kommune. Det står skrive at kjøpar er kjend med kven som er heimelshavar til eigedomane som utgjer landfeste. Det står også skrive at moloen ligg på eigedom 40/307 i 1517 Hareid kommune.

Båtlaget sine kommentarar:

Vi har båtøpptrekk på kommunal grunn ved landfestet til søre molo og kjenner sjølvst til at Hareid kommune løyste inn mykje grunn då Kystverket bygde ut fiskerihamna i 1986-87. Det er vanleg at ein kjøpekontrakt er konkret på salsobjekt og vilkår, men det er merkeleg å ta inn diffuse ting om kva ein kjøpar ”kjenner til”.

Den konkrete opplysninga om at Hareid kommune er heimelshavar til mologrunnen, er ufullstendig etter det som vert opplyst frå grunneigarhald. Mellom anna opplyser eigar av 40/204 at ingen fjøregrunn, sjøgrunn eller strandrettar/utfyllingsrettar er avhenda til kommune eller kystverk.

Når slike opplysningar kjem fram, har sjølvst Kystverket dokumentasjonsplikt. Vi meiner at slik dokumentasjonsplikt også er gjeldande for den delen av moloen som ligg på kommunal grunn. Ein grunneigar vil vanlegvis også ha eigedomsretten til ei fylling på eigedomen om det ikkje er kontrakt eller dokument som syner noko anna. Kontrakten syner til kommunestyrevedtak av 20.12.1985 medan vedlegget berre er ei innstilling frå rådmannen til formannskapet av same dato.

Som nemnt har båtlaget flytebyggjer som ligg skjerna av søre molo i hamnebassenget. Av kjøpekontrakten ser vi ikkje at tilkomst til moloen eller bruk av hamnebassenget vert påverka av kven som eig moloen. Vi finn ikkje at Kystverket har særrettar eller bruksrettar i hamnebassenget som båtlaget får overta ved eit eventuelt kjøp. Dette må Kystverket avklare ved dokumentasjon.

2. KJØPESUM

Kjøpesummen er fastsett ved takst.

Båtlaget sine kommentarar:

Fordi kontrakten ser ut til å innehalde feil i faktagrunnlaget som er grunnlaget i taksten, er det rimeleg med ny vurdering. Vi ynskjer i så fall ei kort synfaring med takstmannen før ny vurdering i samsvar med kvalitetssikra eigedomsopplysningar.

3. OPPGJER**Båtlaget sine kommentarar:**

Oppgjeret er avhengig av naudsynte klargjeringar av alle punkt.

4. OVERTAKING

Dato for overtaking er sett til 19.08.2020.

Båtlaget sine kommentarar:

Brandal hamn er ein sentral og viktig del av Brandal. Viktige avklaringar må sjølvsagt finne stad før eventuell overtaking.

5. TINGLYSING/SIKKERHEIT

Fordi Kystverket ikkje har heimelen til grunnen kan det ikkje utferdast skøyte på eigedomen.

Båtlaget sine kommentarar:

Det må utferdast eit dokument som klart og eintydig skildrar kva Kystverket avhendar og kva Brandal Båtlag kjøper. Dersom Kystverket overfører eigedomsrett på ein steinmolo som ligg på annan manns grunn eller annan manns utfyllingsrett, skal overføringa attesterast av den som har retten eller dokumenterast ved tidlegare overføring av rettar. Dette er minstekrav ved overføring av fast eigedom i Noreg.

6. HEFTE

Av kontrakten går det fram at det er kjøpar sitt ansvar å slette hefte. Bruksretten til Kystverket vert overført til kjøpar.

Båtlaget sine kommentarar:

Avhendinga/kjøpet omhandlar ikkje matrikulert grunn men rettar som ikkje er tinglyste. Det er ikkje nemnt noko hefte i taksten. Kystverket må konkret opplyse eventuelle hefte og eventuelt slette dei. Dersom det ikkje er noko hefte ved kjøpet, skal det konkret stå at det ikkje er hefte ved denne eigedoms- eller rettsoverdraginga.

**7. SELJAREN SI OPPLYSNINGSPLIKT OG KJØPAR SI
UNDERSØKELSESPLIKT/KJØPAR SINE STADFESTINGAR**

Kontrakten syner til oppfordringar frå seljar om å gå gjennom salsobjektet sin tilstand i lag med fagkyndig. Kystverket oppfordrar vidare om at kjøpar gjer seg kjend med alle dokument og opplysningar som ligg føre om salsobjektet. Det står også at kjøpar har fått alle relevante opplysningar som han har bede om.

Båtlaget sine kommentarar:

Vi er no i ein prosess med å innhente dokument og opplysningar frå Kystverket som seljar. Det står att å sjå kva Kystverket kan dokumentere når det gjeld avhending av positive verdiar i form av eigedom og rettar kontra plikter i form av vedlikehald og oppretting av skader.

8. ATTERHALD OM EIGEDOMEN SIN TILSTAND

Dette avsnittet ritar opp ein del punkt, mellom anna "arealavvik", som kan kome fram på eit seinare tidspunkt. Det vert også slege fast at alle desse omsyna/punkta er tekne omsyn til ved berekning av kjøpesummen.

Båtlaget sine kommentarar:

Dette med "arealavvik" er eit interessant punkt av di det er fastslege at overdraginga ikkje omhandlar fast grunn. Taksten seier heller ikkje noko om kva areal som vert overdrege. Kjøpesummen er fastsett ved takst, og han er ikkje konkret på desse punkta i kontrakten. Dette bør ha ein gjennomgang i samband med at vi får ny synfaring av takstmannen.

9. MISLEGHALD**10. FORSIKRING****11. EIGEDOMEN SI AVKASTING OG KOSTNADER****12. VERNEBESTEMMELSAR****13. TVISTAR****Båtlaget sine kommentarar:**

Ingen førebelse kommentarar til desse avsnitta.


14. UNDERSKRIFTER

Det står at kontrakten vert utferda i tre eksemplar der kvar av partane har kvart sitt eksemplar. I kontrakten finn vi to partar og manglar opplysningar for tredje eksemplar.

Med denne tilbakemeldinga reknar vi med å få klargjering og betre dokumentasjon frå Kystverket når det gjeld Brandal hamn. Dette er ei viktig sak for oss, og vi er alle tente med at det ikkje kan reisast tvil i høve eventuell rettsoverdraging.

Brandal, 08.08.2020

For styret i Brandal Båtlag


Sigurd Eliassen

- kasserar/skrivar -



KYSTVERKET

Hovedkontoret

Sigurd Eliassen

Deres ref.:

Vår ref.:
2019/545-55

Arkiv nr.:

Saksbehandler:
Tonje Dowerdock

Dato:
24.08.2020

BRANDAL FISKERIHAMN - Hareid kommune - Møre og Romsdal

Kystverket viser til brev frå Brandal Båtlag datert 10.08.2020 om spørsmål til kontraktutkast sendt 22.07.2020.

Kystverket ser på dykkar brev datert 10.08.2020 som eit avslag på tilbod om kjøp av Brandal fiskerihamn til takst, og Kystverket ser seg ikkje som bunden av kontraktforslaget som er sendt til Brandal Båtlag.

Nedanfor vil eg gjøre greie for Kystverket sitt standpunkt på dykkar merknader:

1. Salsobjektet

Kystverket er eigar av sjølve molokonstruksjonen med landfestet. Kystverket hevdar ikkje at vi sel andre rettar utover bruksrett til molo. Molokonstruksjonen har landfeste på gnr. 40 bnr. 307. Salsobjektet er nærare spesifisert i takst vedlagt brev vi sendte i samband med oversending av kontraktsframlegg.

Kystverket hevdar ikkje at det ligg særrettar for Kystverket i hamnebassenget som båtlaget overtar ved eit eventuelt kjøp.

Vedlagt ligg fullstendig kommunestyrevedtak i sak nr. 1/86, handsama i Hareid kommunestyre 23. januar 1986. Vi er leie for at dette ikkje blei korrekt sendt over i første omgang.

2. Kjøpesum

Kystverket kan ikkje sjå at taksten inneheld feil. Taksten er basert på at Kystverket avhender sjølve molokonstruksjonen, ikkje andre rettar. Det er ikkje aktuelt for Kystverket å rekvirere ny takst.

3 og 4. Oppgjør og overtaking

Dersom Brandal Båtlag finn å kunne akseptere Kystverkets utgreiing, vil overtakingsdato m.m. bli justert i nytt kontraktsframlegg frå Kystverket.

Kystdirektør

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

5. Tinglysing/Sikkerhet

Kystverket sel sjølve molokonstruksjonen, med bruksrett til grunnen moloen med landfestet ligg på, vedtatt i kommunestyrevedtak i sak nr. 1/86, sjå utgreiing punkt 1.

Når det gjeld transport av rettar til ny eigar knytt til Kystverket sin eigedom, gjeld det same som for formuesrettslege rettar generelt. Det openberre utgangspunktet er at formuesrettslege rettar, herunder eigedomsrett, total bruksrett og avgrensa rett i fast eigedom kan bli overdradd til andre. Det er så openbart at det ikkje blir gått nærare inn på.

6. Hefte

Kystverket kan ikkje slette hefte på annan manns grunn. Dersom Brandal Båtlag meiner nokre hefte må slettast, er det ei sak mellom Brandal Båtlag og grunneigar, Hareid kommune.

Vedlagt ligg grunnboksutskrift for gnr. 40 bnr. 307. Det er ikkje tinglyste hefte på eigedomen.

8. Atterhald om eigedomen sin tilstand

Arealet til salsobjektet er definert i taksten, sjå punkt 1. Kystverket fråskriv seg ansvar for eventuelt arealavvik. Teksten er ein standard tekst for sal etter avhendingslova (1992 nr 93), der kjøpar ikkje er forbrukar. Eit båtlag med organisasjonsnummer er ikkje rekna som ein forbrukar etter lova.

14. Underskrifter

I normaltilfelle vil Kartverket få ein signert kjøpekontrakt i original som grunnlag for transport av rettar knytt til grunneigarerklæring. I dette tilfellet omfattar ikkje salet grunneigarerklæring. Kontrakten vil bli endra dersom Brandal Båtlag yngjer å overta fiskerihamna.

Kystverket imøteser ei snarleg tilbakemelding frå Brandal båtlag, og seinast innan 15.09.2020

Dersom Brandal Båtlag ikkje kan akseptere Kystverkets utgreiing i saka innan fristen 15.09.2020, vil Kystverket gå vidare med avhendingsprosessen og søkje å avhende Brandal fiskerihamn på den opne marknaden.

Med helsing


Vigdis Bye
avdelingsdirektør

Tonje Dowerdock
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Brandal kommunestyrevedtak
- 2 Grunnboksutskrift_1517_40_307_0_0



UTSKRIFT AV MØTEBOKA

til Hareid Kommunestyre


frå møtet den 23. jan. 1986.

Av 25 medlemmer var 24 til stades (møtande varamenn medrekna).

K.sak nr. 1/86.

Hamneplan for Brandal.

Dok. nr. 1/86 - ark. 521.



I tillegg til skriv nemnt i formannskapet vart det lagt fram brev av 21.01. 86 frå Kystverket saman med kartsquisser i 3 alternativ for plassering av moloane.

Ordføraren gjorde framlegg om at i formannskapetstilrådinga skal "kommunestyret" bytast ut med "formannskapet" og lyde slik:

"Forhandlingsresultatet skal leggest fram for formannskapet til godkjenning".

Jens Peder Brandal gjorde framlegg om slikt pkt. 3:

Kommunestyret viser til innkomne merknader og brev frå Kystverket, datert 2.-1. 86, signert Ludvik Brunstad og oppnemner følgjande nemnd til å ta ønskjemåla opp med Kystverket med tanke på ei mogleg tilpasning av planane.

Ordførar

Formannen i Hamnestyret

Formannen i Bygningsrådet

Formannen i Fiskerinemnda

Formannen i Hareid Fiskarlag

Frå kretsen Jens P. Brandal

bygdamøtet Einar Holm.

Forhandlingsresultatet skal leggest fram for kommunestyret til godkjenning. Endringane må under ingen omstende føre til utsetjing eller hindring av planlagt anleggsstart.

Framlegg frå Arve Røyset om slik samansetjing av nemnda i pkt. 3:

1. Ordførar
2. Formannen i Hamnestyret
3. Formannen i Bygningsrådet
4. Formannen i Fiskerinemnda
5. For Brandal: Jens Peder Brandal.

Hans Gisle Holstad tok opp att mindretalsframlegget sitt frå formannskapet.

Jens Peder Brandal trekkjer ut Einar Holm frå nemndsframlegget sitt - etter oppmoding frå Holm.

Ordføraren trekkjer framlegget sitt.

Sak nr. 1/86, framhald.

VOTERING:

Hans Gisle Holstad trekkjer framlegget sitt.

Det var semje om å røyste punktvis over formannskapstilrådinga, og med røystring over teksten i pkt. 3 og nemndsforslaga kvar for seg.

Pkt. 1 i formannskapstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Pkt. 2 i formannskapstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Pkt. 3 - teksta:

Jens Peder Brandal sitt framlegg fall med 4 mot 20 røyster.

Formannskapstilrådinga vart vedteken mot 2 røyster.

Pkt. 3 - nemndsframlegga:

Jens Peder Brandal sitt framlegg fall med 10 mot 14 røyster.

Arve Røysat sitt framlegg vart vedteke med 16 mot 8 røyster.

Formannskapstilrådinga fall med 2 mot 22 røyster.

Pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Etter dette vert kommunestyret sitt vedtak slik:

1. Kommunestyret har ingen merknader til vilkåra under pkt. 1 og 2 i Kystverket sitt brev av 04.11. 1985 og påtek seg dei skyldnader desse vilkåra fører med seg for kommunen.
2. Kommunestyret vedtek i samband med pkt. 3 i brevet frå Kystverket av 04.11. 1985, i prinsippet å legge til grunn for ei omregulering av Brandal hamn dei føresetnader som kjem fram der. Bygningsrådet vert pålagt snarast å legge fram forslag til reguleringsendring mest mogleg i samsvar med desse føresetnader og dertil ta med i planen naustgrend/areal for fellesnaust ved søre molo.
3. Kommunestyret viser til innkomne merknader og oppnemner følgjande nemnd til å ta ønskjemåla opp med Kystverket med tanke på ei mogleg tilpassning av planane:
 1. Ordførar
 2. Formannen i Hamnestyret
 3. Formannen i Bygningsrådet
 4. Formannen i Fiskerinemnda
 5. For Brandal: Jens Peder Brandal.

Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret til godkjenning.


Endringane må under ingen omstende føre til utsetjing eller hindring av planlagt anleggsstart.

Sak nr. 1/86, framhald.

4. Hamnestyret vert pålagt å ta opp med Kystverket mudring i hamnebassenget.

Hareid formannskapskontor, 28. jan. 1986.

Retts utskrift:


Arvid Håvåg
form.sk.sekr.

Utskrift er sendt: Saksmappa.

U T S K R I F T

FRÅ MØTEBOKA TIL HAREID FORMANNSKAP SÅ LANGT DET GJELD SAKA NEDANFOR:
Arkiv 521. Kommunestyresak nr. 1/86.

Formannskapsmøte 9. januar 1986.

F.sak 6/86. Hamneplan for Brandal.

Dok. nr. 1/86.

Dette var lagt fram på møtet:

1. Uttale frå bygdamøte på Brandal den 07.01. 86.
2. Brev av 02.01. 86 frå Kystverket v/Ludv. Brunstad.
3. Skriv av 09.01. 86 frå Hareid Fiskarlag,
v/Leif K. Hareide.

Nils Nettet gjorde framlegg om slikt nytt pkt. 3:

"Kommunestyret viser til innkomne merknader og oppnemner følgjande nemnd til å ta ønskemåla opp med Kystverket med tanke på ei mogleg tilpasning av planane:

ordførar - event. varaordførar
formannen i hamnestyret - event. varaformannen
formannen i bygningsrådet - event. varaformannen
formannen i fiskerinemnda - event. varaformannen.

Forhandlingsresultatet skal leggest fram for kommunestyret til godkjenning. Endringane må under ingen omstende føre til utsetjing eller hindring av planlagt anleggsstart."

Rådmannen trekte så siste setninga i pkt. 2 i innstillinga.

Hans Gisle Holstad gjer framlegg om slik samansetjing av nemnda under pkt. 3:

frå formannskapet : ordføraren
frå kretsen : Jens Peder Brandal
frå hamnestyret : Reidar Pilskog
frå fiskarlaget : Leif K. Hareide
frå bygningsrådet : Einar Holm.

Votering:

Pkt. 1 og 2 i rådmannen si innstilling samrøystes tilrådd.

Nils Nettet sitt framlegg vart tilrådd med 4 mot 3 røyster.

Hans Gisle Holstad sitt framlegg fekk 3 mot 4 røyster.

Pkt. 3 i rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd som nytt pkt. 4.

K.sak nr. 1/86, framhald.

Etter dette vert formannskapet si tilråding slik:

1. Kommunestyret har ingen merknader til vilkåra under pkt. 1 og 2 i Kystverket sitt brev av 04.11. 1985 og påtek seg dei skyldnader desse vilkåra fører med seg for kommunen.
2. Kommunestyret vedtek i samband med pkt. 3 i brevet frå Kystverket av 04.11. 1985, i prinsippet å legge til grunn for ei omregulering av Brandal hamn dei føresetnader som kjem fram der. Bygningsrådet vert pålagt snarast å legge fram forslag til reguleringsendring mest mogleg i samsvar med desse føresetnader og dertil ta med i planen naustgrend/areal for fellesnaust ved søre molo.
3. Kommunestyret viser til innkomne merknader og oppnemner følgjande nemnd til å ta ønskjemåla opp med Kystverket med tanke på ei mogleg tilpassning av planane:

Ordførar - event. varaordførar,
 formannen i hamnestyret - event. varaformannen,
 formannen i bygningsrådet - event. varaformannen,
 formannen i fiskerinemnda - event. varaformannen.


Forhandlingsresultatet skal leggst fram for kommunestyret til godkjenning.
 Endringane må under ingen omstende føre til utsetjing eller hindring av planlagt anleggsstart.

4. Hamnestyret vert pålagt å ta opp med Kystverket mudring i hamnebassenget.

Olav Fure

Nils Nasset Arne Holstad Arne G. Grimstad Kåre M. Pilskog

Greta Kirkebø Hans Gisle Holstad

Rett utskrift

 Arvid Havåg
 form.sk.sekr.

UTSKRIFT AV MØTEBOKA

til Hareid Kommunestyre

frå møtet den 3. febr. 1986.

Av 25 medlemmer var 25 til stades (møtande varamenn medrekna).

K.sak nr. 14/86.

Sak nr. 14/86.

Hamneplan for Brandal.

Dok. nr. 1/86 - ark. 521.

Holm gjorde framlegg om å stryke dei 3 siste linjene i formannskaps-tilrådinga.

Vollsæter gjorde framlegg om at orda "eller fullføring av hamna" i tilrådinga går ut.

Holm trekkjer framlegget sitt.

Rådmannen gjorde framlegg om pkt. 3, alt. I frå formannskapet.

Holm gjorde framlegg om å byte ut siste setninga i formannskapstilrådinga med: "Dersom ei slik tilpasning ikkje kan gjennomførast, vert kystverket sin plan å legge til grunn".

Vollsæter trekte framlegget sitt og kom med slikt tillegg til Holm sitt framlegg: "Kommunestyret legg til grunn at endeleg moloopning skal vere 50 - 55 meter".

Lidvar Grimstad gjorde framlegg om at ordet "seinka" vert fletta inn i formannskapstilrådinga slik: " - - utsetjing av anleggstart eller seinka fullføring av hamna - - ".

Holm og Vollsæter samarbeider sine framlegg til eitt, sålydande:

"Dersom ei slik tilpassning ikkje kan gjennomførast, vert kystverket sin plan å legge til grunn .

Kommunestyret legg til grunn at endeleg moloopning skal vere 50 - 55 meter".

Votering:

Det låg føre slike voteringstema:

- Tema 1: Pkt. 3, alt. I frå formannskapet.
- Tema 2: Formannskapstilrådinga.
- Tema 3: Formannskapstilrådinga med Lidvar Grimstad sitt endringsframlegg.
- Tema 4: Formannskapstilrådinga med Holm/Vollsæter sitt endringsframlegg.

Tema 1 vart endeleg og samrøystes forkasta.

Prøverøysting:

- Tema 2 fekk inga røyst.
- Tema 3 fekk 18 mot 7 røyster.
- Tema 4 fekk 7 mot 18 røyster.

K.sak nr. 14/86, framhald.

Endeleg votering.

Tema 2 samrøystes forkasta.
Tema 4 forkasta med 19 mot 6 røyster.
Tema 3 vart samrøystes vedteke.


Etter dette er kommunestyret sitt vedtak slik:

Kommunestyret godkjenner ei utbygging av Brandal hamn i samsvar med kystverket sin plan, men med ei tilpassning slik det er framsett ønskje om i pkt. B i referat frå møtet 28.01. 86 i Ålesund.

Dersom ei slik tilpassning ikkje kan gjennomførast utan utsetjing av anleggstart eller seinke fullføring av hamna, vert kystverket sin plan å legge til grunn.

Hareid formannskapskontor, 5. febr. 1986.

Rett utskrift:


Arvid Havåg
form.sk.sekr.

Utskrift er sendt: M/vedlegg av dok. 1/86 til: Bygningsrådet
Kystverket
Hamnestyret.

U T S K R I F T

FRÅ MØTEBOKA TIL HAREID FORMANNSKAP SÅ LANGT DET GJELD SAKA NEDANFOR:

Arkiv 521.

Kommunestyresak nr. 14/86.

Formannskapsmøte 30. januar 1986.

F.sak 50/86. Hamneplan for Brandal.

Dok. nr. 1/86.

Kommunestyret gjorde i møte 23.01. 1986 (K-sak 1/86)
slikt vedtak:

- "1. Kommunestyret har ingen merknader til vilkåra under pkt. 1 og 2 i Kystverket sitt brev av 04.11. 1985 og påtek seg dei skyldnader desse vilkåra fører med seg for kommunen.
2. Kommunestyret vedtek i samband med pkt. 3 i brevet frå Kystverket av 04.11. 1985, i prinsippet å legge til grunn for ei omregulering av Brandal hamn dei føresetnader som kjem fram der. Bygningsrådet vert pålagt snarast å legge fram forslag til reguleringsendring mest mogleg i samsvar med desse føresetnader og dertil ta med i planen naustgrend/areal for fellesnaust ved søre molo.
3. Kommunestyret viser til innkomne merknader og oppnemner følgjande nemnd til å ta ønskjemåla opp med Kystverket med tanke på ei mogleg tilpassning av planane:
 1. Ordførar
 2. Formannen i Hamnestyret
 3. Formannen i Bygningsrådet
 4. Formannen i Fiskerinemnda
 5. For Brandal: Jens Peder Brandal.

Forhandlingsresultatet skal leggest fram for kommunestyret til godkjenning.
Endringane må under ingen omstende føre til utsetjing eller hindring av planlagt anleggsstart.

4. Hamnestyret vert pålagt å ta opp med Kystverket muuring av hamnebassenget.

Pkt. 1, 2 og 4 vart samrøystes og endeleg vedtekne, og er ikkje gjenstand for ny førehaving.
Det oppnemnde forhandlingsutvalet etter pkt. 3 har lagt fram eit referat frå møte i Kystverket i Ålesund 28.01.1986, som følgjer saka som nytt, trykt vedlegg. Dermed skal trykte vedlegg etter rådmannen si innstilling i sak 1/86 K.
supplerast med:

- Vedl. 8: Uttale frå bygdamøte på Brandal
7.1. 86.
" 9: Brev av 02.01. 86 frå Kystverket
v/Ludv. Brunstad.
" 10: Brev av 09.01. 86 frå Hareid Fiskar-
lag v/Leif K. Hareide.
" 11: Referat frå møte mellom repr. frå
kommunen og Kystverket 28.01. 86.

Gjenstand for endeleg førehaving i kommunestyret er pkt.3
i vedtaket innteke ovanfor.
Det var i formannskapet semje om å formulere følgjande to
voteringstema:

Pkr. 3, alternativ I:

"Kommunestyret godkjenner ei utbygging av Brandal
hamn i samsvar med Kystverket sin plan, tilsendt
kommunen med brev av 04.11. 1985."


Pkt. 3, alternativ II:

"Kommunestyret godkjenner ei utbygging av Brandal
hamn i samsvar med Kystverket sin plan, men med
ei tilpasning slik det er framsett ønskje om i pkt.
B i referat frå møtet 28.01. 86 i Ålesund.
Dersom ei slik tilpasning ikkje kan gjennomførast
utan utsetjing av anleggsstart eller fullføring
av hamna, vert Kystverket sin plan å legge til grunn.

Ved avrøystinga fekk alt. I ingen røyst, alt. II
7 røyster og er dermed samrøystes tilrådd.

Olav Fure

Vidar Vollsæter Arne G. Grimstad Kåre M. Pilskog Arve Røyset
Greta Kirkebø Hans Gisle Holstad

Retts utskrift:

Arvid Havåg
form.sk.sekr.

Bil Hareid Kommune
v/Formannskapet
6060 Hareid.

VEDLEGG NR1
TIL DOK. NR1 47/86

10. januar 1986	
Arkiv nr.	Journal nr.
521	

Bygdamöte den 7. Januar 1986 vedkommende nye planer for utbygging av Brandal Hamn.
21 frammötte.

Fylgjande uttale vart vedteken.

Bygdamötet seier seg svært glad for at Kystverket no skal starte utbygging av Brandal Hamn.

Fiske og fangst har i generasjonar vore viktigaste næringsvegen for bygda.

Sjølv om fiskeria no ei tid har lege på eit lavmål og bygda berer preg av stagnasjon, er det med optimisme vi no ser fram til å få ei tenlig hamn.

Kystverket er derfor velkomne til opstarting av arbeidet vinteren/våren 1986.

Fiskarane saman med dei øvrige frammötte vil uttale at dei seier seg glade for at Kystverket har stilt i utsikt ei utbygging som skissert i skriv av 2./1.-86.

Ei utbygging etter planen av 1978 vil etter mötet sin meining gi den beste hamna.

Det er derfor ynskjelig at den siste lengda av moloene (27meter) vert fullførde samstundes. Sjølv i påvente av mudring vil ei-slik utbygging gi rimelig tilkomst til hamna.

Bygdamötet vil vidare overfor Hareid Kommune peike på at det må innregulerast ei allmenningskai på landsida rett innfor innløpet etter reg. plan av 1978.

Inntil ei ny kai kan byggast bør kommunen vurdere å få fjerna steinmuren(Risbudmuren) ute i sjöen så den ikkje hindrer tilkomsten til eksisterende kai for større båter ved ei full utbygging allereide no.

Bygdamötet ber Hareid Kommune ta opp drøftingar med Kystverket med sikte på ei utbygging i samsvar med det forhandlingsresultatet som er vist i brev frå Kystverket.

Vidare at det vert nærmare presisert kva som må til frå kommunen sin side for at ei full utbygging kan skje allerede no, og at kommuna seier seg viljug til å medvirke hertil.

Det er vidare frå bygdamötet sin side sterkt ynskjelig at Leif Hareid, Einar Holm og Jens Peder Brandal blir av kommunestyret valgte til saman med kommuna og føre vidare drøftingar med Kystverket.

Dette brevet blei lest og vedteke. Hans P. Brandal og Jan Blomli blei valgt til å skrive under brevet.
Brandal den 7. Januar 1986.

Hans P. Brandal

Leif Blomli

Kopi til Kystverket 3. distrikt.

I Vedlegg:

MØTE 02.01.86 OM BRANDAL HAVN

Tilstede:

HAREID KOMMUNE FORMANNSKAPET	
Dato 06.01.86	
Arkiv nr.	Journal
521	

VEDLEGG NR:	9/86
TIL DOK. NR:	7/86

Einar Holm, bl.a. medlem i kommunestyre og bygningsråd
Leif Hareide, formann, Hareid fiskarlag
Sigvart Breivik, nestformann, fiskerinemnd
Jens Peder Brandal, lokalpolitiker i Brandal

Fra Kystverket: B. Borhaug og L. Brunstad

Møtet berammet etter anmodning fra Einar Holm.

Jens Peder Brandal redegjorde for stedets syn på vedtatt plan. De ønsket moloene bygget i samsvar med reguleringsplanen for havnen med innløp i søre del av havna.

Vi stilte i utsikt at nordre molo kan bygges rettlinjet i ca. 30 m lengde, og søre molo bygges i lengde tilsvarende reguleringsplanen av 1978. Dermed blir innløpsbredden ca. 80 m, og det står åpent om søndre eller nordre molo senere skal forlenges. Forlengelse kan ikke skje før mudring utføres, og vi fremholdt at mudring i statlig regi ikke kan fremmes før det dokumenteres behov ut fra fiskerimessige interesser.

Jens Peder Brandal ville diskutere saken med Brandalfolket og event. sende henstilling om planendring til Hareid kommune, og kommunen må event. fremme endringsforslag for Kystverket.

Ålesund, 02.01.-86

Ludvik Brunstad

VEDLEGG NR: 10
TIL DOK. NR: 1/86

Harid Kommune

HARID KOMMUNE FORMANNSKAPET	
Dato 09.01.86	
Arkiv nr.	Journal
521	

Harid Fiskerlag er kjende med
byggdamøte som vart haldt
i Brøndal 7-1-86 vdr.

hammerutlegginga

Fiskerlaget seier seg einig
med brukarane i dei
møningane og ynskjer som
der vart framsette.

Harid 9/1-86.

for Harid Fiskerlag

Lif K. Harude.

R E F E R A T

VEDLEGG NR:	21
TIL DOK. NR:	17/86

frå

møte 28.01.85 på Distriktskontoret, Kystverket, Ålesund, mellom representantar frå Distriktskontoret og den kommunevalde forhandlingsnemnda for Brandal hamn.

Til stades:

- | | | |
|----|---------------|----------------|
| 1. | A. N. Lyså | Kystverket |
| 2. | B. Borhaug | " |
| 3. | L. Brunstad | " |
| 4. | J. Skrede | Hareid kommune |
| 5. | A. Brandal | " " |
| 6. | J. P. Brandal | " " |
| 7. | O. Heggheim | " " |
| 8. | O. Fure | " " |

A. Brandal hamn er godkjent etter dei planane som med brev av 04.11.85 er lagt fram for kommunen og kan etter desse planane bli fullt utbygt i 1986/87.

B. Partane var samde om følgjande ordlyd for ei alternativ planløyising og utbygging:

1. Nøre molo blir forlengd 30 m. mot sør i rett line.
2. Søre molo blir bygd etter planen, men avslutta slik at opninga mellom moloendane blir 80 m.
3. I mellomtida tar Distriktskontoret opp med Kystdirektoratet om ei ytterlegare forlenging av nøre molo med 25 m. slik at Brandal hamn dermed blir fullt utbygt innan arbeidet blir avslutta.

På nåverande tidspunkt kan distriktskontoret p.g.a. konstnader og djupeforholda inn og ut av hamna ikkje tilrå ei slik forlenging.

Forhandlingsnemnda frå Hareid meiner likevel at med aktuelle båtstorleikar vil innseglingdjupna vere tilfredsstillande.

4. Dersom ei endeleg utbygging etter pkt. 3 kan lettast ved at Risbudmuren blir fjerna, vil Kystverket ta dette opp med kommunen.
5. Det er ein klår føresetnad at desse endringane ikkje hindrar eller utset den planlagde anleggsstarten.

Ålesund, 28.01.1986.



Arkiv 521/HK/HH

Dokument nr. 1/86 K

Hareid formannskap

HAMNEPLAN FOR BRANDAL.

Med brev av 04.11.1985 frå Kystverket 3. distrikt følgjer hamneplan for Brandal, som er godkjent av Kystverket. I samband med førehavinga av budsjettet er planen også godkjend av Stortinget. Brevet og sjølve planen følgjer saka som trykt vedlegg nr. 1 og 2. Som trykt vedlegg nr. 3 følgjer gjeldande reguleringsplan.

I brevet set Kystverket følgjande vilkår for å sette i gang anleggsarbeidet:

1. Bruksrett til nødvendig grunn til søre molo.
2. Rett for Kystverket til å ta ut stein i steinbrotet (mellom Liset og Smottene).
3. At hamna vert brukt til fiskeri- og transportføremål. Kommunen må disponere strandområdet langs hamna til desse føremåla og dette krev endring av reguleringsplanen. Av omsyn til tidsmomentet, vil Kystverket nøye seg med eit prinsippvedtak i kommunestyret, som fastslår slik utnytting. Dette vil medføre at kloakkrensaneanlegget må flyttast utanom hamneområdet, at området ved almenningsskaia og framtidig utviding av denne i ny plan vert avsett til trafikkareal og at det - som gjeldande plan - ikkje vert plass for bygningar frå almenningsskaia til nordre molo. Truleg med bakgrunn i dei sterke ønskje som har kome fram frå grunneigarane om å få regulert inn eit naustområde i planen, nemner Kystverket at ein kan tenkje seg å godta eit mindre naustområde ved søre molo for erstatningsnaust for grunneigarane og "ved fellesnaust også for fritidsbåtinteressar."

I brevet vert det vist til at det seinare vil kome standardreglement for fiskerihamner, der fiskeriinteressene får førerrett til bruk av slike hamner. For Brandal hamn må såleis fritidsbåtane i første omgang flyttast frå nordre til søre del av hamna, men det vert nemnt at ein framtidig må rekne med at fritidsbåtane må vike plass også i denne delen av hamna, etter kvart som fiskebåtar treng plassen.

I nogjeldande reguleringsplan, stadfest av fylkesmannen 05.02.1979, er heile strandbeltet regulert til offentleg veg/gate, d.v.s. trafikkføremål, med unntak av eit areal ved søre molo som er utlagt til kloakkrensaneanlegg. Moloane er innteikna på planen i samsvar med planutkast av 1978 frå Kystdirektoratet. I planen er både nordre og søre del nemnt "småbåthavn".

Innregulering av eit naustareal vil vere eit vilkår for frivillige grunnavtalar med eigarane i hamneområdet. Om ein ved å imøtekomme dette ønskjet vil få avtalar med alle grunneigarane, står det sjølv-sagt att å sjå. Noverande stadfesta plan gir grunnlag for oreigning, så for den del står ikkje kommunen fast. Eg for min del trur ikkje at ei naustrekke for grunneigarane langs med den frie, ca. 150 m. lange strandlina, vil vere til skade for utnytting av hamna til fiskeriføremål, i all fall i overskadeleg framtid, og meiner kommunen bør gå inn for det. Etter ein fellesnaust-modell treng ikkje ei naustgrend legge beslag på ein særleg stor del av strandlina, kanskje 50-60 m? Sjølv med ei utviding av noverande kai - eller med ei frittliggande kai annanstads ved strandkanten - er det framleis 100 m. fri strandline att til fiskeriføremål på land. Av omsyn til kontakten med hamna og utsynet til fjorden, bør ein likevel ikkje legge opp til ei kompakt husrekke langs stranda. Der må vere "luftig" og ope.

I den endelege planen frå Kystdirektoratet er det planlagt ei 32 m. avbøygd forlenging av nordre molo, i staden for 50 m. i same retning som eksisterande molo, etter planutkastet. Søre molo er planlagt bygt i 130 meters lengde, mot 100 meter etter utkastet frå 1978. Søre molo er trekt ca. 10 m. tilbake mot land i høve til tidlegare plan.

Det har vore hevda frå Kystverket si side at tilbaketrekninga var nødvendig for å få botnfeste for rausinga. Ei seinare opplodding av botntilhøva viser ei jamn, nær 45 graders skråning med mot djupet, medan ein tidlegare hadde basert seg på eit slakt parti på djupet mellom 15 og 20 m. Dette viser cote-kartet som ligg til grunn for forprosjektet i 1978.

Avbøyinga av nordre molo er planlagt etter forsøk i hamnelaboratoriet ved NTH og vil gje betre livd i nordleg ver enn det ein får etter opphaveleg plan. I austleg ver derimot, vil resultatet verte ugunstigare for midtpartiet i hamna, får eg vite ved Kystverket.

Eg har også spurt om korleis det ville stille seg dersom ein på lokalt hald skulle ønskje å få vurdert endringar i den no framlagde planen. Eg fekk det svar at etter at Stortinget har godkjent planen i samband med budsjettføreavinga nyleg, vil det ikkje vere naturleg å ta endringar opp før i samband med neste års statsbudsjett. Dermed vil ein i det minste få ei forseinking av utbygginga på eitt år. Det vart også nemnt at ei endring av planane som gjer hamna mindre teneleg for større fiskebåtar, truleg ikkje vil kunne kome på tale.

Eg saknar i brevet omtale av mudringsarbeidet. Om det fekk eg opplyst at mudring ikkje er med i planane og står heller ikkje på programmet seinare, etter det eg forstod. Dette svaret undra meg noko, på bakgrunn av dei drøftingar vi har hatt med kystverket om dette før. Å seie seg ferdig med eit prosjekt når det ligg att ein sjøbumur midt i hamnebassenget, er neppe vel overtenkt. Dette spørsmålet meiner eg kommunen bør ta opp med Kystverket særskilt.

Saka har vore lagt fram for hamnestyret, bygningsrådet, fiskerinemnda og Hareid fiskarlag til førebels fråsegn, som no ligg føre, trykte vedlegg 4 - 7.

I fråsegnene vert det gitt uttrykk for skepsis til planen om ei kortare utbøygd lenging av nordre molo, både ut frå botntilhøve og effekt. Fagutvala seier seg leie for at ikkje den stadfesta, opphavelege planen kan følgjast og rår i all fall til at nordre molo vert utrausa først, slik at ei viss tilpasning til opphaveleg plan kan gjennomførast, dersom avbøygingsalternativet må oppgjevast. Fiskerinemnda set også fram ønskje om ei tilsvarande avbøyging av søre molo, for å få betre livd for austleg ver.

Fiskerinemnda har også kome inn på spørsmålet om avsetting av naustareal ved hamna og rår til at eit areal for grunneigarane må innskrenkast mest mogleg, slik at både landside og hamnebasseng først og fremst vert reservert for fiskerinæringa.

Ut frå dette rår eg formannskapet til å legge saka fram for kommunestyret med slik

i n n s t i l l i n g :

1. Kommunestyret har ingen merknader til vilkåra under pkt. 1 og 2 i Kystverket sitt brev av 04.11.1985 og påtek seg dei skyldnader desse vilkåra fører med seg for kommunen.
2. Kommunestyret vedtek i samband med pkt. 3 i brevet frå Kystverket av 04.11.1985, i prinsippet å legge til grunn for ei omregulering av Brandal hamn dei føresetnader som kjem fram der. Bygningsrådet vert pålagt snarast å legge fram forslag til reguleringsendring mest mogleg i samsvar med desse føresetnader og dertil ta med i planen naustgrend/areal for fellesnaust ved søre molo. Kommunestyret viser elles til merknadene frå fagutvala og ber om at formannskapet tek ønskjemåla opp med tanke på ei mogleg tilpasning av planane.
3. Hamnestyret vert pålagt å ta opp med Kystverket mudring i hamnebassenget.

Rådmannen i Hareid, 20. desember 1985.

Harald Kongsvold
Harald Kongsvold

Vedlegg.-



KYSTVERKET 3. DISTRIKT

YSTENESGT. 41 - P.BOKS 3025 KLIPRA - 6001 ÅLESUND

TELEGRAM: KYSTVERKET, ÅLESUND - BANKGIRO: 0614.05.70204 - POSTGIRO: 5 03 64 05

Hareid kommune

TELEFON: (071) 21 146

6060 HAREID

Skriv bare om en sak i et brev

Vår saksbehandler:

DERES REF.

VÅR REF. (bes oppgitt ved svar)

DATO

2597/85, LB/g
Plh. 507

04.11.-85

BRANDAL I HAREID, MØRE OG ROMSDAL
HAMNEPLAN

HAREID KOMMUNE FORMANNSKAPET	
Dato 05.11.85	
Arkiv nr.	Journal
521	

Det ligg no føre hamneplan for Brandal godkjent av Kystdirektoratet, og planen vert framlagt for Stortinget i tilknytning til budsjettet for 1986. Planen er i samsvar med det opplegget som tidlegare har vore drøfta med kommunale representanter, bortsett frå at ein ikkje har kunna imøtekomme kommunen sitt ynskje om å trekkje søre molo lenger ut. Planen omfattar 32 m avbøygde forlenging av nordre molo og ein 130 m lang ny søre molo. Overslaget løyder på kr 4,8 mill. 2 kopier av hamnekartet m/ hamneplan ligg ved.

Vi er kjende med at kommunen lenge har arbeidd med å tileigne seg all grunn ved hamna, men dette vil truleg ikkje verte endeleg ordna før det aktuelle tidspunktet for igangsetting av anleggsarbeidet. Som vilkår for å setje igang anleggsarbeidet, kan vi tenkje oss fylgjande ordning:

1. Kystverket ved Kystdirektoratet får bruksrett til grunnen som trengs til søre molo ved grunneigarerklæring frå noverande eigar av g.nr. 40, b.nr. 1. Mogleg erstatning til grunneigaren for å gi frå seg denne bruksretten, må kommunen avtale og ta på seg. Ein legg ved erklæring på skjema 7/36.
2. Kommunen må ordne med rett for Kystverket til å ta ut stein i steinbrot. Vi har sett på tilhøva for dette og har ikkje funne annan mogleg stad for steinuttak enn i eit tidlegare steinbrot ca. 1 km nord for Brandal hamn. Avtale om rett til steinuttak vert å inngå mellom kommunen og grunneigaren, og kommunen må bere mogleg utlegg. Kystverket kan etter at moloarbeidet er ferdig, setje opp gjerde oppå steinbrotskanten dersom ein finn dette naudsynt som sikringstiltak, men kommunen eller grunneigaren må ta på seg framtidig vedlikehald av gjerdet.

2.

3. Vilkåret frå Kystverket og Fiskeridepartementet for å bygge ut Brandal hamn etter vedlagt plan, er at hamna vert brukt til fiskeri- og trafikkformål. For å oppfylle dette må kommunen disponere strandområdet langs hamna til desse formåla. Gjeldande reguleringsplan må såleis endrast. Dette vil ta tid, og før anleggsarbeidet vert sett igang, må vi nøye oss med eit prinsippvedtak i kommunestyret om at strandlinja mellom moloane i Brandal skal regulerast i hovudsak til trafikkareal og byggeareal for fiskeriformål. Kloakkrensaneanlegget på gjeldende reguleringsplan må flyttast utanom hamneområdet. Ein kan elles tenkje seg at Kystverket kan godta innregulert eit mindre naustområde ved søre molo som kan nyttast av grunneigarer som misser tomteområde ved kommunal grunntileigning, og ved fellesnaust også av fritidsbåtinteresser. Området ved almenningsskaia og framtidig utviding av denne kan på ny reguleringsplan avsettast som trafikkareal. Mellom almenningsskaia og nordre molo er det ikkje plass for bygninger, og området kan her regularast som i gjeldende reguleringsplan.

Det vil seinare kome standard reglement for fiskerihamner med heimel i "Lov av 18. juni 1984 nr. 51 om havner og farvann m.v." der fiskeriinteressene får forerett til bruk av fiskerihamnene. For Brandal hamn må fritidsbåtane i 1. omgang flyttast frå nordre til søre del av hamna, og ein må rekne med at fritidsbåtane framtidig må vike plass også i søre del av hamna etter kvart som fiskebåtar treng plassen.


Med helsing

Bjarne Borhaug
Bjarne Borhaug

Ludvik Brunstad
Ludvik Brunstad

Gjenpart: - Hareid bygningsråd
- Hareid hamnestyre
- Fiskerirettlederen i Hareid og Ulstein
- Kystdirektoratet

20
1/86K



Godkjennes
 Oslo 29/10-1985
 Kystdirektoratet
 Teknisk avdeling

[Signature]

BRANDAL

HAREID, M. OGR

Dybde rei. seg til spriv: 00
 Høyde " " " komm Gpkt.
 som ligger 1,19m. over spriv.
 Kontrollhødding utført i okt. 79 av CY
 Suppl. 1000 utten 7-8-55 av O.Y.

16.08.85
[Signature]

NEDFOT: GRAFERT

Grunnboksinformasjon

HJEMMELSOPPLYSNINGER

Rettighetshavere til eiendomsrett

1997/371-1/58 14.01.1997	HJEMMEL TIL EIENDOMSRETT VEDERLAG: NOK 41 760 HAREID KOMMUNE ORG.NR: 964 979 278
------------------------------------	--

HEFTELSER

Dokumenter fra den manuelle grunnboken som antas å kun ha historisk betydning, eller som vedrører en matrikkelenhets grenser og areal, er ikke overført til denne matrikkelenheten sin grunnboksutskrift.

Servitutter tinglyst på hovedbruket/avgivereiendommen før fradelingsdatoen, eller før eventuelle arealoverføringer, er heller ikke overført. Disse finner du på grunnboksutskriften til hovedbruket/avgivereiendommen. For festenummer gjelder dette servitutter eldre enn festekontrakten.

Ingen heftelser registrert

GRUNNDATA

1996/14879-1/58 18.11.1996	REGISTRERING AV GRUNN DENNE MATRIKKELENHET OPPRETTET FRA: KNR:1517 GNR:40 BNR:1
--------------------------------------	--

1997/1746-1/58 14.02.1997	REGISTRERING AV GRUNN UTSKILT FRA DENNE MATRIKKELENHET: KNR:1517 GNR:40 BNR:311
-------------------------------------	--

For eventuelle utleggs- og arrestforretninger, samt forbehold tatt ved avhendelse, som tinglyses samme dag som andre frivillige rettsstiftelser, gjelder særskilte prioritetsregler, se tinglysingsloven § 20 andre ledd og § 21 tredje ledd.

Brandal Båtlag
Kvitnesvegen 81
6062 Brandal
Organisasjonsnummer: 912 365 549

Kystverket
Postboks 102
6025 Ålesund

BRANDAL FISKERIHAMN - Hareid kommune – Møre og Romsdal

Brandal Båtlag syner til brev frå Kystverket dagsett 24.08.2020 – Dykkar ref.: 2019/545-55.

Brevet vårt til Kystverket av 08.08.2020 vart sendt fordi vi som eventuell kjøpar, har plikt til å skaffe oss mest mogleg fakta om salsobjektet. Kystverket har som seljar, plikt til å klargjere alle moglege tilhøve kring dette.

Då vi tok denne informasjonsplikta alvorleg og sende spørsmål til Kystverket, valde Kystverket av ein eller annan grunn å sjå på dette som eit avslag om kjøp av Brandal fiskerihamn til takst.

Kystverket bør heller prøve å svare på det vi spør om - slik det har plikt til - og ikkje tillegge oss synspunkt vi ikkje har skrive i klartekst.

Kystverket ynskjer å avhende fast eigedom i Brandal hamn. I båtlaget si vurdering av kjøp er det viktig å avklare om denne overtakinga er konsesjonspliktig. Eigarskifte av fast eigedom er ofte konsesjonspliktig, og vi har ikkje funne klare reglar for moloar eller fiskerihamner. Hareid kommune kan vere rett instans for å avklare dette, men Kystverket har lang røynsle med slike saker.

Søndre molo har landfeste på 40/307, og Kystverket hadde bruksrett til å byggje molo på eigedomen. Men vi har ikkje fått dokumentasjon frå Kystverket på anna enn at Hareid kommune har gjeve Kystverket bruksrett til landfestet og fyllinga. Kystverket har ikkje dokumentert at Hareid kommune har gjeve frå seg nokon eigedomsrett til det som vart utfylt på deira utfyllingsrett. Dei tilsende kommunale dokumenta nemner ikkje noko om dette.

I brevet vårt nemnde vi at eigar av 40/204 opplyser at ingen fjøregrunn, sjøgrunn eller strandrettar/utfyllingrettar er avhenda til kommune eller kystverk. Kystverket valde å ikkje kommentere dette. **Difor vil vi no be om å få svar på om Kystverket har rett/fullmakt til å sjå bort frå rettane til denne grunneigaren.**

I siste brevet frå Kystverket les vi dette:

1. Salsobjektet

Kystverket er eigar av sjølv molokonstruksjonen med landfestet. Kystverket **hevdar ikkje at vi sel andre rettar utover bruksrett til molo**. Molokonstruksjonen har landfeste på gnr. 40 bnr. 307. Salsobjektet er nærare spesifisert i takst vedlagt brev vi sendte i samband med oversending av kontraktsframlegg.

Kystverket hevdar ikkje at det ligg særrettar for Kystverket i hamnebassenget som båtlaget overtar ved eit eventuelt kjøp.

2. Kjøpesum

Kystverket kan ikkje sjå at taksten inneheld feil. Taksten er basert på at Kystverket avhender **sjølv molokonstruksjonen, ikkje andre rettar**. Det er ikkje aktuelt for Kystverket å rekvirere ny takst.

Til slutt i brevet skriv Kystverket dette:

*Dersom Brandal Båtlag ikkje kan akseptere Kystverkets utgreiing i saka innan fristen 15.09.2020, vil Kystverket gå vidare med avhendingsprosessen og **søkje å avhende Brandal fiskerihamn** på den opne marknaden.*

Brandal Båtlag melde interesse etter ei utlysing frå Kystverket 29.mai 2020 med m.a. denne teksta:
*Kystverket ber om at foreiningar med allmennyttig føremål melder sin interesse som **moglege kjøparar av Brandal fiskerihamn**.*

På Wikipedia er hamn forklart slik:

***En havn er et område i hav, sjø eller elv** som er naturlig eller kunstig skjermet – som regel av en molo, øy eller av bølgebrytere – mot bølger eller tidevann for ankrede skip.*

I store norske leksikon står ein del om hamner, m.a.:

Havn, i nautisk forstand et område ved kyst eller elvemunning som er beskyttet mot vind og sjø slik at fartøyer kan ligge trygt fortoyd eller til ankers.

Kunstige havner med molo ble bygd i Middelhavet allerede i oldtiden. I Nordeuropa er disse oppstått i nyere tid.

Havnetyper

Til en moderne havn hører først og fremst kaier (se kai) hvor skipene kan legge til, med pullere for feste av trosser. Dertil kommer en mengde faste installasjoner på land, alt etter hvilke varesorter som håndteres.

Hamneområdet i Brandal har ein reguleringsplan. Hamna inneheld nordre og søndre molo og eigedomar på landsida. Alle desse eigedomane er i kommunal eller privat eige. Kystverket hevdar det berre eig ei steinfylling/molo med bruksrett.

Kystverket nyttar namnet **Brandal fiskerihamn** når avhendinga gjeld berre den minste av to moloar i Brandal. Kan same namnet med rette nyttast ved eventuelt eigarskifte av den største moloen også?

Og kan namnet med endå større rett nyttast dersom alle rettar i hamnebassenget utan moloar skal overførast til ny rettshavar?

Er dette korrekt og lovleg annonsering og framgangsmåte i saka?

Vi berre undrast.

Brandal Båtlag og Kystverket er i ein prosess med å klargjere mest mogleg i høve salsobjektet. Vi er ikkje i mål med dette, og Kystverket bør vere varsam med å setje aksepteringsfristar før vi er ferdige med denne prosessen.

Brandal, 11.09.2020

For styret i
Brandal Båtlag



Sigurd Eliassen
- skrifvar/kasserar-



KYSTVERKET

Hovedkontoret

Sigurd Eliassen

Dykkar ref.: Vår ref.: Arkiv nr.: Saksbehandlar: Dato:
2019/545-57 Tonje Dowerdock 02.10.2020

Brandal fiskerihamn - Hareid kommune - Møre og Romsdal fylke

Kystverket viser til dykkar brev datert 11.09.2020 vedkomande mogleg kjøp av Brandal fiskerihamn i Hareid kommune.

Etter avtaleloven (31.05.1918 nr 4) §5 ser Kystverket dykkar kommentarar til kontraktsframlegget som eit avslag. Det er ikkje noko i vegen for at Kystverket og Brandal Båtlag kan kome til semje om kjøp av Brandal fiskerihamn i form av nytt kontraktsframlegg og tilbod.

Kystverket sel ikkje grunn til fast eigedom, men ein molokonstruksjon. Fordi Kystverket ikkje sel eigedomen moloen står på (gnr 40 bnr 307, eigd av Hareid kommune) er det ikkje eit eigarskifte av grunn, og salet er difor ikkje konsesjonspliktig.

Strandrettar og fjøregrunn i Brandal fiskerihamn: Kystverket stiller seg undrande til Brandal Båtlag sin merknad i 6. avsnitt. Brandal Båtlag meiner her Kystverket ikkje har kommentert spørsmål om fjøregrunn, sjøgrunn og strandrettar. Dette meiner Kystverket er feil.

Vi oppfattar Brandal Båtlag har stilt følgande spørsmål i brev 08.08.2020:

«.... opplyser eigar av 40/204 at ingen fjøregrunn, sjøgrunn eller strandrettar/utfyllingsrettar er avhenda til kommune eller kystverket».

Vårt svar på dette er (same svar som i brev datert 24.08.2020) :

«1. Salsobjektet

*Kystverket er eigar av sjølve molokonstruksjonen med landfestet. **Kystverket hevdar ikkje at vi sel andre rettar utover bruksrett til molo. Molokonstruksjonen har landfeste på gnr.40 bnr. 307. Salsobjektet er nærare spesifisert i takst vedlagt brev vi sendte i samband med oversending av kontraktframlegg. Kystverket hevder ikkje at det det ligg særrettar for Kystverket i hamnebassenget som båtlaget overtar ved eit eventuelt kjøp.»***

Kystdirektør

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kystverket har såleis svart på Brandal Båtlag sin førespurnad om særrettar i hamnebassenget i brev datert 24.08.2020.

I høve omgrepet fiskerihamn: «*Begrepet fiskerihavn har tradisjonelt i stor grad vært knytta til de steder hvor staten ved Kystverket (tidligere havnevesenet) har foretatt utbygging i form av dekningsverk (moloer) og utdypingsarbeider. [...] Det er stor variasjon med hensyn til hvilket omfang staten har foretatt utbygging og investeringer i de ulike fiskerihavnene.*» sitat frå «Analyse av de statlige fiskerihavnene m.v», 2014.

Omgrepet fiskerihamn knyter seg såleis til dei statlege konstruksjonane i hamna, og skil seg ut frå omgrepet hamn som er omtalt i brev av 11.09.2020. Ei fiskerihamn kan såleis vere både ei kai, molo og liknande.

Kystverket har ingen fleire kommentarar til saka. Dersom Brandal Båtlag meiner saksopplysninga ikkje er tilfredsstillande, ber Kystverket om tilbakemelding om dette. Kystverket fastslår då at Brandal båtlag ikkje vil nytte si fortrinnsrett til kjøp av Brandal fiskerihamn til takst.

Dersom Brandal Båtlag kan godta Kystverket si utgreiing, sender Kystverket ny kontrakt for signering.

Frist for endelig avgjerd er 10.10.2020

Med helsing

Vigdis Bye
avdelingsdirektør

Tonje Dowerdock
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent